



ALPIN LANDSCUP 2006

Invitasjon

På vegne av Norges Skiforbund og Telenor har Stordal IL, Alpingruppa glede av å invitere til Telenor Lekene/Alpin Landscup 2006 i Stordal – i tida 3. til 5. mars 2006.

Under følger litt info kring arrangementet. I tida fram mot arrangementet kan ein følgje med på våre nettsider:

<http://www.stordalalpin.no>

Program:

| | |
|-----------------------------------|---------------------------------------|
| Måndag 27.feb til torsdag 2.mars: | bakken open for trening etter avtale. |
| Torsdag 2.mars: | Opningsseremoni og lagleiarmøte |
| Fredag 3.mars: | Super-G |
| Laurdag 4.mars: | Storslålåm |
| Søndag 5.mars: | Slålåm |

Det kan bli begrensa adgang til trening/heilt stengd siste halvdel av torsdag på grunn av prepareringsarbeid.

Sjå elles program på vår heimeside for meir detaljert informasjon.

Påmelding:

Skriftleg påmelding ved hjelp av vedlagte påmeldingsskjema. Ver venleg å bruke eit skjema for gutar og eit for jenter. Påmeldinga skal skje kretsvis i tråd med NSF sine kvoter.

Namn på kontaktperson/hovudleiar med tlf./ mobil og e-postadresse for kretsen må gå fram av påmeldinga.

Husk å oppgi løparen sitt evt. skiforsikringsnummer og namn på klubb.

Uttatte løparar skal delta i alle 3 disiplinane.

Påmeldingsfrist er sett til tirsdag 21.februar.

Påmelding skal sendast til: elin@helland.no

Kontaktperson for påmelding er Elin Amdam, tlf 954 78 030.

Påmeldingsskjema og kvoter er å finne på vår heimeside.

Startkontingent:

Startkontingent pr løpar pr renn er kr 150,- dvs. totalt kr 450,- pr løpar.

Startkontingent skal betalast kretsvis på førehand til konto: 3910.27.72206.

Betalingsfrist: måndag 27.februar.

NSF si skiforsikring:

Alpin Landscup 2006 er for gutar og jenter fødd –93 og –94. Det er utøvar/føresette sitt ansvar å teikne NSF si skiforsikring frå fylte 13 år.

Rennkontor/sekretariat:

Rennkontoret vert i tidtakarbua i målområdet for alle disiplinane.

På kveldstid vert sekretariatet å finne på Nilsgardstunet ca 100 meter frå kaia. (sjå program)

Første lagleiarmøte vert torsdag 2.mars kl 18.00. For dei som kjem tidlegare i veka for trening, vert det halde infomøte kvar kveld (sjå program).

Alle lagleiarmøte vert på Nilsgardstunet.

Deltakarlistar og resultatlistar:

Deltakarliste med puljeinndeling vert lagt ut før kvart lagleiarmøte. Den ansvarlege frå kvar krets må gå gjennom og eventuelt gjere justeringar i forkant av møtet.

Offisielle resultatlistar og ajourførte startlistar for neste dags renn vert delt ut på lagleiarmøtet.

Resultatlistene vert også hengt opp til informasjon på hotellskipet, men også lagt ut på vår heimeside etter rennslutt.

Premiering:

Alle deltakarar får diplom, og det blir 50% premiering. Det blir også premiar til dei 3 beste kretsane, samla for alle 3 dagane.

Representantar:

Telenor sin representant: Per Anders Vold

NSF sin representant: Arild Holm, Tordis Jonsdottir, NSF/AK og Kristine Skeie

NSF sin TD: Thor Owe Solheim, Hemsedal/Buskerud

Innkvartering:

Vi kan no ta i mot bestilling på overnatting (bruk vedlagte skjema) på MS Narvik, som vil ligge ved kai i Stordal frå og med tirsdag 28.feb til søndag 5.mars.

På MS Narvik vil det i all hovudsak vere 2-mannslugarar og nokre få 3-mannslugarar.

Singel-lugarar vil det ikkje vere mulig å leige.

Prisane er kr. 795,- pr.pers.i dobbeltlugar og kr. 720,- pr.pers. i trippel-lugar inkl.frukost.

Vi må forbeholde oss retten til å plassere kretsane slik det passer på båten, og at betalinga blir etter den type lugarar ein får tildelt. (dei aller fleste er dobbeltlugarar).

Sjå skjema for påmelding og ver nøyaktig med utfyllinga, særlig gjeld dette ankomstdato. Vi ber også om at medfølgjande foreldre blir påmeldt via kretsane. Skulle dette ikkje vere mulig, meld på til Ole Busengdal, sjå kontaktinfo.nedanfor. Oppgi kontaktperson i kretsen med mail og mobilnr.

Avstand til bakke er ca 15 min.

Dei som ønskjer transport til og frå bakke, gir tilbakemelding om dette.

Sjå nærare informasjon på vår heimeside.

Kontaktperson vedr. innkvartering: Ole Busengdal, mobil 900 22 603 mail: ole@enviropac.no

Heisprisar Alpin Landscup 2006:

| | 1 dag | 2 dagar | 3 dagar | 4 dagar | 5 dagar | 6 dagar | 7 dagar |
|--------|-------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Barn | 140 | 230 | 320 | 400 | 475 | 525 | 575 |
| Vaksne | 200 | 360 | 510 | 650 | 770 | 850 | 905 |

Ved samla kjøp på meir enn 15 kort, blir det gitt 10% på prisar vist i skjema.

Heiskort blir å få kjøpt på Nilsgardstunet kvar kveld (sjå program for nærare tidspunkt).

I tillegg kan dette naturlegvis gjerast på Arena Overøye.

Trenarkort: 1 trenarkort pr.krets. For kretsar med fleire enn 10 løparar, 1 kort pr.10. løpar.

Frikort til NSF og Telenor sine representantar, TD, dommar og andre funksjonærar som ikkje har sesongkort.

Premieutdeling:

Super-G: Stordal sentrum fredag kl 19.30

Storslalåm: Landscupmiddag i Stordalshallen laurdag kl 19.00

Slalåm: I målområdet på Arena Overøye etter rennavslutning søndag

Landscupmiddag:

Seremonien startar med fakkeltog frå kaia til Stordalshallen laurdag kl 18.30.

Landscupmiddagen blir i Stordalshallen kl 19.00.

Her blir det middag, underhaldning og premieutdeling for dagens øving - storslalåm.

Alle (løparar, trenarar, lagleiarar, foreldre, funksjonærar etc.), er velkomne til å delta.

For deltakarar og ein leiar frå kvar krets er landscupmiddagen gratis.

For andre interesserte kan billetter bestillast på førehand, sjå vedlagte påmeldingsskjema.

Betalingsfrist måndag 27.februar til konto 3910.27.72206.

Løpargensar:

Løpargenseren er ein Phenix college genser som blir gitt av Telenor. Denne blir utdelt på lagleiar møtet torsdag kveld.

Konkurransenarena:

Den sportslege delen av TelenorLekene/Alpin Landscup 2006 vil bli arrangert i Arena Overøye (Stordal alpinsenter) sine løyper på Overøye i Stordal. (sjå webside)

Det er ca 15 min køyring frå sentrum (overnatting)

| Disiplin | Start (moh) | Mål (moh) | Høgdeforskjell |
|------------|-------------|-----------|----------------|
| Super-G | 790 | 400 | 390 |
| Storslalåm | 690 | 400 | 290 |
| Slalåm | 570 | 400 | 170 |

Sjå elles kart over løypene på vår web-side.

Utstyrskontroll:

Viser til: Alpint Rennreglement 2005/2006 og NSF's Fellesreglement, samt spesielle bestemmelser til alpint rennreglement for sesongen 2005/2006.

Det blir utstyrskontroll etter kvart renn.

Arrangementansvarlig:

Stordal IL, alpingruppa (Stordal Alpin) er ansvarleg for gjennomføring av TelenorLekene/Alpin Landscup 2006. Organisasjonskomite med adresse og telefon er å finne på vår nettside.

Leiar for organisasjonskomiteen er:

Elin Amdam, elin@helland.no,

mob. 954 78 030

Med sportsleg helsing

Alpin Landscup 2006

Elin Amdam

Org.leiar